



**Den nye arbeidsgruppa for uskedalen.no har saman med Ola Matti Mathisen starta arbeidet sitt. Gruppa var samla til sitt fyrste møte i Gamleskulen i kveld. Medlemene fekk innføring i arbeid med nettsida. Hans Ordin Østebø er instruktør.**

Arbeidet er ein del av satsinga på å styrka organisasjonen Uskedalen Utvikling. Målet med arbeidet er å forbetra nettsida redaksjonelt og teknisk.

Alle får innføring i korleis ein legg ut artiklar og bearbeidar bilete.

Det vert arbeidd med å oppdatere all informasjon om lag og organisasjonar. Det same gjeld firma og sponsorar.

Med i gruppa er: Anita Enæs, Tore Mathiesen, Thor Inge Døssland, Hans Ordin Østebø, Kristian Bringedal og Ola Matti Mathisen.

Tekst: Kristian Bringedal

Foto: Jan Erik Olsson